

8 May 2007

<http://www.helse-vest.no/sw22150.asp>



[Abonner på nyheter](#)
[Kontakt oss](#)
[Søk](#)

OM HELSE VEST

PRESSEROM

HELSEFØRETAKA

SJUKEHUS OG INSTITUSJONAR

PASIENT / LEGE

FORSKING

KVALITET

Du er her : [Forside](#) > [PRESSEMELDINGAR OG NYHENDE](#) > [Nyheter](#) > [Jaktar legehovud internasjonalt](#)

- NYHEITER
 - * NYHEITSARKIV
- MEDIEKONTAKT
- STYREMØTE
- OFF. POSTJOURNAL
- PRESSEKLIPP
- MAGASINET
- ÅRSRAPPORT
- ABONNER PÅ NYHEITER

Jaktar legehovud internasjonalt

Helse Vest har saman med Helse Midt-Noreg og Helse Nord inngått ei rammeavtale med det polske rekrutteringsbyrået Paragona. Målet er å rekruttere utanlandske legar til stillingar det er vanskeleg å rekruttere til.

Det gjeld mellom anna spesielle fagområde der det er rift om spesialistane.

- Dette er ei god moglegheit for helseføretaka våre til å få tilsett legar i kritiske stillingar som står ledige. På denne måten får dei også fast tilsette spesialistar og unngår vikarordningar og vikarstafettar, seier personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen.

Ho legg til at rekruttering gjennom Paragona kostar om lag det same som å rekruttere på tradisjonelt vis. Paragona tilbyr spesialistar innan alle fagområde.

- Dette er ein svært framtidsretta måte å rekruttere på med ein internasjonal marknad tilgjengeleg. Denne modellen kan sjølv sagt brukast også for andre land enn Polen, men internasjonale undersøkingar viser at Paragona er nokså einerådande på denne rekrutteringsmodellen.

Og det er ikkje snakk om å tømme polske sjukehus for spesialistar, såkalla brain-drain.

- Polen har svært god utdanningskapasitet til legeyrket og generelt god legedekning, seier Hilde Christiansen.

- Men kva med språk og kunnskap om norsk lov?

- Før ein lege blir tilsett får han seks og ein halv månaders opplæring i norsk språk og regelverk. Dei flyttar rett og slett inn i ein campus der all opplæring føregår på norsk. I denne tida får legane stipend frå Paragona. Vi har sjekka referansane til selskapet og til legane dei har rekruttert grundig. Tilbakemeldingane i både Danmark, Sverige og Skottland er positive, seier personal- og organisasjonsdirektøren.

I vest er det Helse Førde som er førstut med å bruke avtala. Her er det førebels planlagt å rekruttere tolv legar gjennom det utanlandske byrået.

Rammeavtala med Paragona, som i utgangspunktet skal vare i to år, blei underteikna 30. april.

(8. mai 2007)